Vi er eit ungt par som har valgt å byggje hus og etablere oss i Flekke. Tommy er fødd og oppvaksen her og har sjølv gått på Flekke skule. No har vi valgt å skape ei framtid her saman.

Vi er ikkje aleine om dette. Dei siste åra har mange unge valgt å flytte til Flekke, byggje hus og etablere seg. Noko av det som gjer Flekke til ein attraktiv plass å busetje seg, er nettopp nærleiken til skule, barnehage og butikk. Det å ha desse tilbuda i nærmiljøet betyr mykje, særleg for unge som ønskjer å stifte familie.

Vi har sjølv erfart kor mykje det betyr å vekse opp i ei lita bygd med skulen i nærmiljøet. Vi har begge opplevd ein trygg og god oppvekst i eit lite miljø, der vi kjende oss sett og hadde det godt. Dette er oppvekstvilkår vi set stor pris på, og som vi ønskjer at framtidige generasjonar også skal få oppleve.

Vi har forståing for at kommunen står i ein krevande økonomisk situasjon og må sjå på innsparingar. Samtidig meiner vi det er viktig å tenke langsiktig. Kva konsekvensar vil det få for framtidig tilflytting dersom skulen forsvinn? Vil unge familiar framleis sjå på Flekke som ein attraktiv plass å etablere seg?

Det er viktig å sjå på kva ein skule betyr for eit lokalsamfunn, ikkje berre kva han kostar å drive. Ein nærskule kan bidra til trygghet, fellesskap, tilflytting og framtidstru.

Det handlar ikkje berre om elevtalet i dag, men også om barna som enno ikkje er fødde, og framtida til bygda.